



# Lokal særavtale om løns- og arbeidsvilkår ved Nordfjord legevakt og ØHD (øyeblikkeleg hjelp døgnopphald)

## Innleiing

- Denne avtalen er inngått med heimel i hovudavtalen § 4-6
- Avtalen byggjer på sentrale avtalar mellom Staten, Den norske legeforening og KS, her under SFS 2305. Avtalen kan reforhandlast i avtaleperioden dersom det skjer endringar i nasjonale forskrifter eller avtalar som overstyrer denne avtalen
- Avtalen byggjer også på gjeldande avtalar mellom kommunane om interkommunal legevakt i Nordfjord med Stad kommune som vertskommune, og gjeldande avtale med spesialisthelsetenesta.
- Denne lokale særavtalen regulerer løns- og arbeidsvilkår ved Nordfjord legevakt. For forhold som ikkje er nemnde i denne avtalen, gjeld SFS 2305.
- Partane i avtalen er Stad kommune som vertskommune for Nordfjord legevakt og ØHD, og Den norske legeforening.
- Denne lokale særavtalen gjeld frå 01.01.2024 til 31.12.2024. Særavtalen fell bort ved særavtalen sitt utløp, med mindre partane vert samde om ny avtale innan utløpstidspunktet

## Vakter

Nordfjord legevakt er organisert som tilstadevakt ved Nordfjord legevakt, Nordfjord sjukehus:

Måndag til fredag:	kl. 16.00 – 23.00
Nattevakt:	kl. 23.00 – 08.00
Laurdag og søndag(D1):	kl. 08.00 – 17.00
Kveldsvakt(D2):	kl. 14.00 – 23.00

- *Det er ikkje mogeleg å slå saman D1 og D2 til ei vakt*

- Det lyt unngåast kombinasjon D1 og natt same døgn med unntak av særskilde situasjonar der arbeidsgjevar og arbeidstakar er samde
- Andre vakter kan kombinerast etter avtale med einingsleiar
- Andre vaktlengder kan avtalast etter drøfting med tillitsvalde

## ØHD

D1 skal gå på visitt på ØHD-sengene laurdag og søndagar, og på beveglege heilagdagar.

Legevaktlegane har ansvar for pasientane i ØHD på sine vakter ved Nordfjord legevakt.

## Vaktplan

- Vaktplan vert utarbeidd av arbeidsgjevar i samarbeid med legane sin tillitsvald ved Nordfjord legevakt og ØHD.
- Vaktplan skal i utgangspunktet fordelast jamt etter heimlar i ein fellespott mellom kommunane i ordninga, inkludert LIS1
- For å kunne redusere generell vaktbelastning, kan det tildelast fleire vakter til dei faste legane som ønskjer dette, så lenge legevaktsjef og einingsleiar vurderer det som forsvarleg

## Fri frå praksis i samband med legevakt

Her gjeld reglane etter SFS 2305.

## Løn for legevakt

	<b>Spesialist</b>	<b>Lege ikkje spesialist</b>
<b>Kveld kvardagar</b>	Kr. 1369	Kr. 1059
<b>Dag og kveld i helg</b>	Kr. 1396	Kr. 1080
<b>Natt vekedagar</b>	Kr. 1017	Kr. 857
<b>Natt helg</b>	Kr. 1244	Kr. 1082
<b>Dag og kveld heilagdag</b>	Kr. 1576	Kr. 1246
<b>Natt helg heilagdag</b>	Kr. 1430	Kr. 1258

- LIS 1 godtgjerast med kr. 714 på kveld kvardagar og dag og kveld i helg. Elles følgjer løn til LIS 1 satsar etter SFS 2305.
- Beveglege heilagdagar gjeld etter kl. 12 onsdag før skjærtorsdag, julaftan, nyttårsaftan, pinseaftan og frå kl. 00.00 påskeaftan
- Dersom det vert avtalt mellomvakt i samband med Malakoff kl. 20.00 – 0300 natt til laurdag og natt til søndag, skal legen avlønast med 50 % i tillegg til timeløn
- Det vert rekna feriepengar på utbetalt løn
- Alle inntekter knytt til legevakt vert inntektsførte på Nordfjord legevakt
- Arbeid utover ordinær arbeidstid vert rekna som meirarbeid, men skal lønast i samsvar med tabellen overfor
- Nordfjord legevakt skal arrangere legevaktseminar, eitt vår og eitt haust

## Anna avlønning

Oppgåver:	Avlønning
Pålagde øvingar	Skal godtgjerast med vanlege timesatsar med bakgrunn i kompetanse
Legevaktseminar, og evt. andre møte	Godtgjersle på 75 % av timesatsane i tabell 1 i løn for legevakt
Pålagde og uføresette hendingar, utkalling ved NLV eller AMK	Skal avlønast som vakans med kort frist
Akuttmedisinfor skrift	Kursavgift skal dekkjast med bakgrunn i kompetansekrav i akuttmedisinfor skrifta for fastlegar
Best-øvingar i NLV (kl. 15-16) Forskriftsfesta, obligatorisk	Legane skal delta på BEST-kommuneøvingar når desse vert arrangerte, og får vanleg timeløn
Gravide som går ut av vaktordninga i siste trimester	Dei får betalt etter oppsett turnus

## Forhandlingsutval

- Arbeidsgjevar stiller med tre arbeidsgjevarrepresentantar som avtalast i drøftingsmøte før forhandlingane
- Utval av tre personar av tillitsvalde legar i kommunane, inkludert tillitsvald ved NLV/ØHD

Nordfjordeid,



Barbro Longva

Kommunalsjef helse og omsorg Stad kommune



Mari Holm

Tillitsvald Legeforeningen

Sak nr. 23/4450

